



# Årsplan - oppvekstbarnehagane




- Velkommen til eit nytt år i Oppvekstbarnehagane på Sjernarøy, Ombo og Fogn.
- Oppvekstsentera på Ombo, Sjernarøy og Fogn er ei kombinert løysing med både barnehagetilbod og grunnskuletilbod for elevar på 1.-7.klasse. I 2020 blei Finnøy samanslått med Stavanger kommune, noko som har medført endringar i organiseringa av barnehagestrukturen. Barnehagane på oppvekstsentera er nå organiserte som ei verksemd med ein verksemdsleiar/rektor som har kontor på Fogn, og avdelingsleiar/assisterande rektor på Ombo og Sjernarøy. Dette inneber tett samarbeid om både planar og barnehagebasert kompetanseheving.
- Barnehagen har eit stort ansvar. Kvart einskilt barn skal oppleve omsorg og kvardagen saman med andre skal vere trygg, lærerik og utviklande. I tillegg skal barnehagen ha eit pedagogisk innhald som er tilpassa det einskilde barnet.
- Oppvekstbarnehagane bygger si verksemd på Lov om barnehagar (2005), Rammeplan for barnehagen, overordna kvalitetsplan og styringsdokument i Stavanger kommune. I Meld. St.6 (2019 – 2020) står det at barnehagen skal gi *muligheter for alle barn – uavhengig av sosial, kulturell og språklig bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske forskjeller*. Dette medfører at vi kontinuerleg jobbar for at alle barn kjenner seg inkludert i fellesskapet og at personalet sett i verk tiltak tidleg når det blir avdekket at eit barn ikkje har det greitt, eller har behov for tilrettelegging og/eller hjelp frå andre instansar.
- Stortingsmelding nr 24 (2012 – 2013) set fokus på at *Ein god barndom varer heile livet* og dermed kva betydning barnehagen har for det enkelte barn. Mest alle barn går nå i barnehagen, noko som medfører at barnehagen har ein sentral plass i barna sine første år. I samarbeid med heimane er åra i barnehagen med på å forme den sosiale utviklinga til barna slik at dei veit korleis dei kan få venner, korleis dei kan halde på venner og som har respekt for at vi er ulike. Satsingsområdet vårt dette året er også knytt til barn som er nysgjerrige på å lære noko nytt, som får utvikle og ta i bruk kreativiteten og som tar vare på miljøet.
- I denne årsplanen finn du overordna informasjon om korleis vi driv barnehagane på øyane, samt informasjon om satsingsområde for barnehageåret. Du kan også klikke deg inn på den enkelte barnehage for å finne meir konkret informasjon om rutinar og årshjul.
- Vi håper alle – både store og små – vil få eit flott år i Oppvekstbarnehagane.

# Fokusområde

Dette året har me valt å ha ekstra fokus på inkluderende fellesskap i våre barnehagar. Avdelingane vil jobbe med forskjellige tema, men med inkluderende fellesskap som utgangspunkt.

Oppvekstbarnehagane har i arbeidet med temaet tatt utgangspunkt i Stavanger kommune sin «Strategi for kvalitet». Barnehageåra 2022-2024 har hatt ekstra fokus på Leik nysgjerrighet og glede.





Å møte individets behov for omsorg, tryggleik tilhørsele og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medvirke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal vises igjen i barnehagen.

Å vere ein del av av eit inkluderande fellesskap er tett kobla på barns rett til eit trygt og godt barnehagemiljø.

Ei inkluderande fellesskap bygger og på trygge og gode relasjonar, mangald og gjensidig respekt og barns rett til medvirkning.

---

Eg har vener i barnehagen som er glad for å sjå meg og vere i lag med meg.

---

Eg får tilpassa støtte til samspel når eg treng det.

---

Eg kjenner at dei vaksne kjenner og forstår meg.

---

Eg får god støtte i språkutviklinga mi.



# Teikn på god praksis

- Me kartlegg aldri barna før me har kartlagt oss sjølv.
- Me bygg kultur for inkludering, tryggleik og glede for barn kvar dag.
- Me jobbar målretta og systematisk for at alle barn er inkludert i meningsfulle fellesskap.
- Me er tydelege vaksne.
- Me reflekterer over og utfordrar eigen praksis.
- Me arbeidar tidleg og gjer systematiske grep dersom noko bekymrar oss.
- Me er opptekne av å inkludera føresette i barnehagens arbeid.



## «Stavangerbarnehagen mot 2030 – strategi for kvalitet i barnehage»

- "Stavangerbarnehagen mot 2030 – strategi for kvalitet i barnehage" skal ivareta heilheit og samanheng i utviklinga av barnehagane i Stavanger. Strategiplanen skal vera eit arbeidsreiskap for arbeidet i kommunen. Den skal prega årsplanen vår, og vera førande for satsningsområdene våre. Strategiplanen skal også danne grunnlaget for kompetanseheving og utvikling i barnehagen.
- Stavanger kommune har formulert fire prinsipper som stavangerbarnehagen skal rette særskilt merksemd mot, og som skal liggje til grunn for barnehagen sin praksis.
  - Trygge og gode relasjonar
  - Mangfald og gjensidig respekt
  - Barns rett til medverknad
  - Lærande fellesskap
- Strategien har også tre satsningsområder som tek utgangspunkt i kommuneplanens samfunnsdel og er forankra i rammeplanens formål og verdigrunnlag. Satsningsområdene rettar merksemda mot barnehagen sitt formål og utviklingsområder som skal være felles og samlande for stavangerbarnehagen. Desse tre satsingsområda er:
  - Leik, nysgjerrighet og glede
  - Inkluderande felleskap
  - Berekraftig utvikling i barnehagen
- Oppvekstbarnehagane har ut i frå dette valt å arbeida mest med inkluderande fellesskap.
- Alle barnehagar er pålagt gjennom lov og rammeplan å skrive ein eigen årsplan. Den skal presentere barnehagen på ein slik måte at det tydeleg kjem fram korleis personalet jobbar med føringane frå rammeplanen.
- Barnehagen skal vere ein lærende organisasjon og då er utviklingsarbeid ein kontinuerleg prosess. Dette danner grunnlaget for det pedagogiske innhaldet og tyder blant anna å omsetje rammeplanen sine intensjonar og mål til praksis. Systematisk vurdering- og refleksjonsarbeid knytta til planar og praksis legg grunnlaget for barnehagen som lærende organisasjon.

# Generell informasjon

- **Klede**
- Me er ute i all slags ver. Det er difor viktig at barna har klede tilgjengeleg. La ikkje klede bli ei hindring for barnas deltaking i lek. Foreldra har ansvar for å sjekke at barna har nok klede tilpassa vær og årstid. Barna må ha ekstra klede som sokkar, strømpebukser, bodyar, undertøy, bukser og genser. Kledda blir lagt i barnas egne kassar/skap. Me ber om at de merke klede godt med namn. Bleier og våtserviettar må de halde sjølve. Sjekk om barnet treng byttetøy kvar fredag og fyll på kvar måndag.
- Barn som søv, må ha eigen vogn med godkjent sele, luft i dekk og vedlikehalde vognen slik at den alltid er klar til bruk. Vognpose etter årstid, regntrekk og myggnett.
- **Sjukdom**
- Barnet må haldast heime dersom det ikkje kan delta i dei daglege aktivitetane ute og inne. Barnet skal ha en almenntilstand som gjer at barnet kan meistre ein barnehagedag. Det er viktig å hugse på at det oftast krev meir energi og overskot å fungere ein heil dag i barnehagen saman med andre born, enn å vere heime med mor eller far ein dag. Grunna smittefare skal barn som har hatt oppkast/diare bli halden heime minst 48 timar etter siste symptom. Dersom barnet har feber skal det haldast heime og helst ha ein feberfri dag før det kjem i barnehagen igjen.
- Ved hovudlus, augekatarr og brannkoppar kan barnet gå i barnehagen når behandling er i sett i gong.
- Dersom barnet vert sjukt i løpet av dagen, vil personalet ta kontakt med føresette. Hugs difor å informere barnehagen dersom de byter telefonnummer. Dersom barnet har allergiar eller det er andre ting som personalet bør vite om, må dette gis beskjed om til personalet så snart som mogleg etter oppstart i barnehagen.

### **Dersom barnet ikkje kjem i barnehagen**

Gje barnehagen beskjed i Vigilo innan klokka 09.00 dersom barnet ikkje kjem i barnehagen, eller dersom det kjem etter 09.00.

Ved fråvær skal barnehagen ha beskjed i god tid!

### **Samarbeid mellom heim og barnehage**

Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra. I hente- og bringesituasjon har personalet i barnehagen eit ansvar i å være imøtekommande og informere om korleis dagen til deira barn har vært. Samstundes skal foreldra informere barnehagen dersom det er noko me treng å vite om barnas trivsel og kvardag for å gjere dagen betre for ungane. Pedagogiske leiarar og styrar er og tilgjengeleg på Vigilo. Ved akutte situasjonar tas det kontakt på telefon. Det skal gjennomførast foreldresamtalar, foreldremøte og SU-møter. Foreldra får all informasjon via Vigilo.



# ÅRSHJUL OPPVEKSTBARNEHAGANE

Månad	Mål/Tema	Tema for tilsette	Foreldre	Songar
<b>AUGUST</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vennskap, meg sjølv og andre.</li> <li>• Det blir lagt til rette for gode relasjonar, ein trygg og forutsigbar barnehagekvardag.</li> <li>• Turer i nærmiljøet rundt barnehagen.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Planleggingsdag 14/8</li> </ul> <p>Gleding, lek, nysgjerrighet og inkludering</p>	<p>Informasjon og veiledning i bruk av digitale arenaer.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Håndvaskesangen</li> <li>-God morgen sang og navnesang</li> <li>-Lille Petter edderkopp</li> <li>-Hode, skulder, kne og tå</li> </ul>
<b>SEPTEMBER</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bærekraftig utvikling og etikk</li> <li>• Hausta grønsaker / frukt/bær</li> <li>• Barnesamtalar</li> <li>• Brannvernveke</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gleding, lek, nysgjerrighet og inkludering</li> <li>• "Alle med"-skjema</li> <li>• Barnesamtalar</li> </ul> <p>Månadsrefleksjon</p>	<p>Foreldremøte</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Bukkene bruse</li> <li>- Bjørnis</li> <li>-Grisevisa</li> <li>-Alle killebukkene</li> </ul>
<b>OKTOBER NOVEMBER</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utforske ulik lek</li> <li>• Farsdagsmarkering</li> <li>• Oppstart juleførebuingar, julebakst, julegaver</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gleding, lek, nysgjerrighet og inkludering</li> <li>• Månadsrefleksjon</li> <li>• Planleggingsdag 15/11</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dugnad</li> <li>• Foreldresamtaler</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Bjørnen sover</li> <li>- En elefant kom marsjerende</li> <li>-Det satt to katter på et bord</li> <li>Fem apekatter</li> </ul>

# ÅRSHJUL OPPVEKSTBARNEHAGANE

<p><b>DESEMBER</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forts. juleførebingar</li> <li>o Adventskalender</li> <li>o Juleevangeliet</li> <li>Lucia</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gleding, lek, Nysgjærighet og inkludering</li> <li>• Månadsrefleksjon</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Julearrangement</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Glade jul</li> <li>-Musevisa</li> <li>-På låven sitter nissen</li> <li>-Luciasangen</li> <li>Et barn er født i Betlehem</li> </ul>
<p><b>JANUAR FEBRUAR</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vinteraktivitetar</li> <li>• Karneval og karnevalførebingar</li> <li>• Morsdagsmarkering</li> <li>• Samefolket sin dag</li> <li>• Undersøke egenskaper ved egg, vann og luft (Forskerfrø/naturfagsenteret)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Planleggingsdag 2/1</li> <li>• Gleding, lek, Nysgjærighet og inkludering</li> <li>• Månadsrefleksjon</li> </ul>		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Karnevalsang</li> <li>• Haisangen</li> <li>• Jeg er en liten undulat</li> <li>• Joik</li> </ul>
<p><b>MARS APRIL</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnehagedagen i mars</li> <li>• Læra om frø og planter</li> <li>• Førebu grønnsakshagen</li> <li>• Vårteikn</li> <li>• Barnesamtalar</li> <li>• Påskeførebingar</li> <li>• Vi plantar</li> <li>• Me går og ser på lam</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gleding, lek, Nysgjærighet og inkludering</li> <li>• Overganger,</li> <li>• vennskap og foreldresamarbeid</li> <li>• Månadsrefleksjon</li> <li>• Aldersdelte grupper</li> <li>• Barnesamtalar</li> <li>• Medarb.samtalar</li> <li>• Årsplanarbeid</li> <li>• Planleggingsdag 22/4</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnehagefest</li> <li>• Foreldremøte</li> <li>• Foreldresamtalar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-En liten kylling</li> <li>-Lille Hasse hare</li> <li>-Alle fugler små</li> <li>-Bæ,bæ lille lam</li> <li>-Små rompetroll</li> </ul>

# ÅRSHJUL OPPVEKSTBARNEHAGANE

<b>MAI JUNI</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Grunnlovsfeiring med fokus på songar og kultur knytta opp mot 17. mai feiringa</li><li>• Demokrati</li><li>• Gjenbruk</li><li>• Sjø og strandsone, lage kunst av materialer vi finner ved sjøen</li><li>• Fokus på sjømat.</li><li>• Samarbeid med skulen - førskulegruppa.</li><li>• Sommeraktivitetar</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Gleding, lek, nysgjerrighet og inkludering</li><li>• Månadsrefleksjon</li></ul> Evaluering av året  Planeggingsdag 30/5	<ul style="list-style-type: none"><li>• Sommaravslutning</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>-Ja vi elsker.</li><li>-Det går et festtog gjennom landet.</li><li>-Blomster små</li><li>- Tenk at nå er dagen her</li><li>- Norge i rødt, kvitt og blått</li></ul>
---------------------	---	---	--	---

# Sjernarøy oppvekstsenter

- Sjernarøy barnehage er ein del av Sjernarøy oppvekstsenter, som er kombinert grunnskule 1.-7. trinn og barnehage. I barnehageåret 2024-2025 vil Sjernarøy være 1 avdeling. Vi organiserer og deler barna oppi grupper hver dag.
- Vårhalvåret 2018 starta arbeidet med å stadfeste vår eigen visjon for barnehagen. Visjonen vår skal gjenspeile arbeidet vårt og påvirke kvardagen til ungene. Resultatet ble: Ei stor lita verd. Med leik læring og lykke.
- Me har og arbeida med å sette ord på kva dette betyr for oss. Me har kome fram til nokre felles verdiar for oss i barnehagen:
- Tryggleik og omsorg – skape trygge og gode relasjonar til kvart enkelt barn.
- Lyttande vaksen – anerkjennande vaksne som lyttar til det enkelte barn.
- Respekt – å være gode rollemodellar for ungene.
- Å bety noko – kvart barn skal kjenne seg som ein del av fellesskapet.
- Å ta vare på kreativiteten til barna.
- Å være den anerkjennande vaksne.
- Å vise empati.
- Å kjenne på gleda.
- Barna skal trivast i barnehagen vår.



- **Praktisk informasjon:**

- 

- **Kontaktinformasjon**

- Verksemdsleiar: Alice Helgøy 930 930 77

- mail: [alice.helgoy@stavanger.kommune.no](mailto:alice.helgoy@stavanger.kommune.no)

- Avdelingsleiar: Jarand Mikael Larsen-Rodvelt:

- mail: [jarand.mikael.larsen-rodvelt@stavanger.kommune.no](mailto:jarand.mikael.larsen-rodvelt@stavanger.kommune.no)

- Pedagogisk leiar: Ida Kristin Vestersjø Landsnes: 416 750 55

- mail: [ida.kristin.v.landsnes@stavanger.kommune.no](mailto:ida.kristin.v.landsnes@stavanger.kommune.no)

- Pedagogisk leiar: Anna Blawat: 405 78 286

- mail: [anna.blawat@stavanger.kommune.no](mailto:anna.blawat@stavanger.kommune.no)

- Personalet i barnehagen:

- Assistent: Thomas Genthner

- Assistent: Anita Fjeldall Haug

- 

- Nettside: [www.minskole.no/sjerneroy](http://www.minskole.no/sjerneroy)

- **Dagsrytme i barnehagen:**

- 07.30 – barnehagen opner

- 07.30-09.15 – frukost og fri leik inne

- 09.30 – samlingsstund

- 10.00-11.00 – ute, tur, aktivitetar

- 11.00 – me et lunsj

- 11.30 – kviletid og uteleik

- 14.00 – fruktmåltid

- 14.45 – ute/inne leik

- 16.30 – barnehagen stengjer



# Ombo oppvekstsenter

- 
- **Om oss**
- Ombo barnehage er ein del av Ombo oppvekstsenter som er kombinert grunnskule 1.-7. klasse og barnehage, alt samla under same tak. Øya Ombo ligg i Ryfylke og er den største øya i Stavanger kommune. Det bur om lag 250 personar her.
- Barnehageåret 2024/2025 har me ei avdeling i Ombo Barnehage. På Oppvekstsenteret har me gymsal og ballbinge, i tillegg til flotte turområde i nærleiken av barnehagen som me nyttar oss av.
- Ved barnehageåret 2024/ 2025 vil det vere 11 barn i barnehagen.
- Ombo barnehage har barn i alderen 1-5 år.
- Me skal vere gode, trygge vaksne for barna. Tryggleik er grunnleggjande for at barn skal trivast i barnehagen. Dette er plattformen som me byggjer verdiar på og som ligg i botn for omsorg, leik, læring, danning og utvikling i barnehagen vår.

- **Tilsette i Ombo oppvekstsenter avd. barnehage 2024 - 2025**
- **Kontaktinformasjon**
- Barnehagen: 47 79 29 32
- Verksemdsleiar: Alice Helgøy : 930 930 77
- Avdelingsleiar: Hanna Skartveit: 51 71 20 80 / 91 88 96 04
- Pedagogisk leiar: Tove Bergjord Tysdal: 45 20 51 44
- Personalet i barnehagen:
- Assistent: Merete Nordbø
- Assistent: Silvia Flora Ccoya
- Assistent: Mary- Janne Rørheim
- **Opningstid:** Barnehagen har ope frå kl. 07.30 til 16.30 kvar dag. Julafta, nyttårsafta og onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen kl 12.00.

# Fogn oppvekstsenter

- Fogn barnehage er ein del av Fogn oppvekstsenter, som er kombinert grunnskule 1.-7. klasse og barnehage, alt under same tak. Det er ein avdeling i barnehagen, og i år er det 13 born som går her.
- Fogn er ei øy i Stavanger kommune, og det bur omlag 340 personar her. De kan lese meir om øya vår, og det som skjer her, ved å gå nettsida [Fogn.org](http://Fogn.org).
-

- **Kontaktinformasjon**
- Fogn oppvekstsenter, barnehagen: 488 694 52
- Verksemdsleiar/avdelingsleiar: Alice Helgøy
  - Telefon: 930 930 77
  - E-post: [alice.helgoy@stavanger.kommune.no](mailto:alice.helgoy@stavanger.kommune.no)
- Pedagogisk leiar Elin Bø: 99 43 09 78
- E-post: [elb@stavanger.kommune.no](mailto:elb@stavanger.kommune.no)
- Pedagogisk leier Zdena Zhevak: 46 37 09 65
- E-post: [zdena.zhevak@stavanger.kommune.no](mailto:zdena.zhevak@stavanger.kommune.no)
- Nettside: [www.minskole.no/fogn](http://www.minskole.no/fogn)